



HOLSNØY OG FLATØY BESTANDSPLANOMRÅDE

Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde
v/Terje Hilland
Skarpenesvegen 120
5918 FREKHAUG

Frekhaug, 26.04.2019

Meland Kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Søknad om utviding av Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde, og justering av eksisterande bestandsplan for området for perioden 2018 – 2021.

«Sagstad Moldeklev 1256V0003» ynskjer no å mælda seg inn i Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde. Alle medlemmane i Bestandsplanområdet er positive til dette, noko som gjer at alle valda i kommunen no vert medlem i bestandsplanområdet. I avgrensinga av Bestandsplanområdet i 2018 vart alle valda tatt med noko som skulle gjere det lettare for det siste valdet å mælda seg inn.

Vidare var fellingsprosenten i kommunen for 2018 på 90,8%, og tala dei siste åra visar ei tydeleg auke i stamma. Bestandsplanen legg til grunn å stabilisera stamma, så noko auke i talet hjort er ikkje ønskjeleg. Det er i den siste tida også kome fleire meldingar på omfattande skade på skog og beiteskadar på innmark.

Med grunnlag i ovannemnde så ynskjer bestandsplanområdet å auka talet løyve **for 2019** frå 138 løyve til 152 løyve. Inkludert er då 4 løyve til det nye valdet i bestandsplanområdet. Fordeling på kjøn og alder vert etter det som tidlegare er lagt til grunn i bestandsplanen. Det totale fellingsløyve for Bestandsplanområdet vert då 570 dyr i planperioden.

I tillegg ynskjer me å overføra dei dyra som ikkje vart skote i 2018 til 2019. Fordeling av desse dyra vert etter kva som manglar i 2018. Arealgrunnlaget i 2019 pr dyr vert 458 daa.

I samband med at valdet «Sagstad Moldeklev 1256V0003» no ynskjer å mælda seg inn i Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde, samt ovannemnde grungejeving om auke i talet løyver for 2019, **søkjer ein Meland Kommune om godkjenning av nytt vald i bestandsplanområdet, samt revidert bestandsplan med justerte løyve.**


A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Terje Hilland".



HOLSNØY OG FLATØY BESTANDSPLANOMRÅDE

Valda som er med i Bestandsplanområde er vist i tabellen:

Valdnavn	Valdnummer	Tellande areal [da]
Nordre Holsnøy	1256V0001	23182
Sagstad - Moldeklev	1256V0003	2334
Midtre Holsnøy	1256V0004	11540
Mjåtveit - Langeland	1256V0007	5129
Fløksand - Ryland	1256V0008	5411
Dale	1256V0010	3203
Sætremarka	1256V0011	1564
Flatøy/Håøyna	1256V0012	1504
Kårbø	1256V0013	2385
Austbygd hjortevald	1256V0014	19255
SUM		75325



På vegne av Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde

Terje Hilland
Leiar

Vedlegg:

- Innmeldingserklæring Sagstad - Moldeklev
- Bestandsplan med oppdatert «6.0 TILTAKSDEL»